



**Saksframlegg**

**Bygdevekst - handlingsplan 2026**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Vedlegg

- 1 Handlingsplan bygdevekst 2026 Vest-Telemark.pdf

**Samandrag av saka**

Etter signal i Vest-Telemarkrådet 3. februar, politisk dialogmøte i Oslo 12.-13. februar, møte i arbeidsutvalet i Vest-Telemarkrådet (AU) 24. februar, møte i styringsgruppa 3. mars og sak i Vest-Telemarkrådet 10. mars 2026, blir revidert handlingsplan 2026 for bygdevekstavgifta lagt fram for alle dei seks kommunestyra i Vest-Telemark i perioden 30.04.-11.06.2026. Handlingsplanen blir orientert om i fylkesutvalet i Telemark fylkeskommune 10.06.2026.

Det er gjort endringar i nokre av tiltaka: nokre av tiltaka er avslutta, nokre er tekne bort og nokre er endra.

Vest-Telemark er ein felles pilot i det nasjonale bygdevekstprosjektet, i samarbeid med staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og Telemark fylkeskommune. Bygdevekstavgifta vart signert 2. juni 2025 og gjeld for perioden 2025–2028. Avgifta skal bidra til auka busetjing, betre tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling i regionen.

For Vest-Telemark er tre delmål prioriterte: fleire eigna bustader korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor og meir kompetanse innan helse og oppvekst. Gjennomføringa skjer gjennom årlege handlingsplanar. Handlingsplanane ligg til grunn for statleg medfinansiering.

I 2025 vart bygdevekstavgifta og første handlingsplan vedteke politisk i alle seks kommunane og godkjende av KDD (juli 2025). Det vart etablert arbeidsgrupper for bustad og for helse og oppvekst, og det er gjennomført fleire fysiske og digitale samlingar med kommunane og eksterne fagmiljø. Arbeidet har gitt eit felles kunnskapsgrunnlag innan bustadstrategi og kompetanseutfordringar i helse og oppvekst, og konkrete prioriteringar er under utvikling. Det er òg gjort justeringar innan delmål om private arbeidsplassar for å kople bygdevekstarbeidet tettare til landbruksprosjektet «God agronomi i det grønne skiftet» og til Etablerartenesta i Vest-Telemark.

Prosjektet er eigd av Vest-Telemarkrådet og er politisk forankra i alle kommunane. Styringsgruppa vurderer at handlingsplanen for 2026 byggjer vidare på arbeidet som er starta, samstundes som han gir rom for lokale tilpassingar. Det er avgjerande at kommunane gjer likelydande vedtak før planen blir sendt vidare til KDD for endeleg godkjenning.

### **Bakgrunn for saka:**

Alle seks kommunane i Vest-Telemark er ein felles pilot i det nasjonale bygdevekst-prosjektet. Andre avtalepartar er staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og Telemark fylkeskommune.

Målet med bygdevekstprosjektet er å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delar av distrikts-Norge. Tiltaka skal også ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.

Bygdevekstprosjektet er eit utviklingsprosjekt som blant anna skal bidra til innovasjon og nytanking, og det skal vera eit supplement til kommunane sitt ordinære arbeid.

Piloten i Vest-Telemark har prioritert tre delmål i avtala:

- Fleire eigna bustader i Vest-Telemark (vekta 60 %)
- Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor (vekta 20 %)
- Meir kompetanse innan helse og oppvekst (vekta 20 %)

Det er totalt 10 pilotar i det nasjonale bygdevekstprosjektet. Dei første fem starta i 2023, og dei andre i 2024. Prosjektet i Vest-Telemark starta med ein forfase i 2023, der søknaden vart utarbeidd og sendt inn. Deretter følgde fase 1 i 2024 med å utvikle avtaleinnhald og gå i forhandlingar med KDD. Den siste og mest omfattande fasen, fase 2, strekkjer seg frå sommaren 2025 til ut 2028 og inneber gjennomføring av avtala gjennom årlege handlingsplanar.

Finansieringa av Bygdevekstarbeidet er ein kombinasjon av driftstilskot og tiltaksmidlar. Kvar bygdevekstpilot har allereie motteke 2 mill. kr årleg i driftstilskot frå 2023 til 2025 for å dekke operative kostnader. Frå 2025 vart ytterlegare 18 mill. kr tilført i statleg medfinansiering av tiltaksmidlar, øyremerka konkrete tiltak som støttar målet i avtala. Over statsbudsjettet for 2026 er det i tillegg løyvd øyremerka midlar til prosjektleiing. For Vest-Telemarkpiloten utgjer dette 1 mill. kr.

### **Organisering av prosjektet**

- Prosjekteigar: Vest-Telemarkrådet med dei seks ordførarane
- Prosjektansvarleg: Anne Aasmundtveit, dagleg leiar i Vest-Telemarkrådet
- Styringsgruppe: Morten Wollebæk Lewin (repr. frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark), Hans Jacob Edvardsen (repr. frå Telemark fylkeskommune), Jan Myrekrok (repr. frå kommunedirektørmøta i Vest-Telemark), Olav Kiland (næringsssjef i Nissedal kommune), Anne Aasmundtveit og Torunn Raftevoid Rue (Vest-Telemarkrådet).
- Prosjektleiar: Torunn Raftevoid Rue (utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet)
- Prosjektmedarbeidar: Torill Verpe (tilsett i prosjekt 2025-2028 bygdevekst 40% og landbruk 60% i Vest-Telemarkrådet)

### **Handlingsplan**

Det blir utarbeidd årlege handlingsplanar for kvart delmål i avtala og sett i gang aktivitetar og tiltak i tråd med handlingsplanane. Handlingsplanane skal godkjennast politisk av pilotkommunane og fylkeskommunen og til slutt av KDD. Handlingsplanane er grunnlaget for utbetaling av midlar frå KDD.

Ved kvar årleg oppdatering skal det gjerast greie for (eige notat vedlagt til KDD):

1. Nye tiltak, både der ein ynskjer å nytte statlege midlar og ev. andre relevante tiltak som bør sjåast i samanheng.
2. Endring av eksisterande tiltak, og kva som er grunngevinga for endringa.
3. Avslutta tiltak, med ei kort vurdering av kva tiltaket har bidrege til.

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtala, og piloten skal vera samde med samarbeidspartane om tiltaka under det enkelte delmålet. Midlane til den statlege medfinansieringa av tiltak vart løyvd frå Stortinget for 2026, men midlane kan overførast til seinare år og skal dekke heile avtaleperioden. Eventuelle ubrukne midlar i 2025 blir overførte til 2026. Piloten kan prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden.

I tillegg til avtalepartane, er også andre partar inkludert i delar av arbeidet. Desse har status som samarbeidspartar t.d. Husbanken. Samarbeidspartane skal vera samde om tiltak og arbeidsmetodar i handlingsplanen.

Utanom styringsgruppa, inkludert Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, har Husbanken, Distriktssenteret og Léva by- og bygdeutvikling (tidl. Léva Urban Design) delteke i utforminga av handlingsplanen for 2026.

Handlingsplanen for 2026 skal vedtakast i alle kommunestyra i Vest-Telemark. Telemark fylkeskommune vil legge fram sak til orientering i fylkesutvalet 10. juni.

Plan for politisk handsaming av handlingsplanen i kommunestyra blir slik:

- Fyresdal kommune 21. mai
- Kviteseid kommune 11. juni
- Nissedal kommune 30. april
- Seljord kommune 7. mai
- Tokke kommune 5. mai
- Vinje kommune 19. mai

Handlingsplanen (vedlegg i denne saka) viser dei tre delmåla med prioriterte tiltak i 2026. Tabellane (6 og 7) viser fordeling av budsjett for heile finansieringsperioden og budsjett og finansieringsplanen for 2026.

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå Vest-Telemarktinget i april 2025, har ein valt å leggje vekt på delmål 1) *Fleire eigna bustader i Vest-Telemark* med 60 % og dei to andre delmåla med 20 % kvar.

### **Endringar av tiltak i delmål 1) Fleire eigna bustader i Vest-Telemark**

Det er teke inn to nye tiltak under dette delmålet:

Tiltak 1: Etablere og teste regional tapsgarantiordning for bustadbygging

I Vest-Telemarkrådet den 10. mars vart det gjort dette vedtaket:

*Modell liknande Senja og Rindal, med tapsgaranti på 80% og makspris på ny bustad inntil 5,5 mill. Garanti skal gjelde inntil 10 år.*

*Styringsgruppa får fullmakt til å utarbeide retningslinjer for eit tapsfond.*

Tiltak 2: Studietur og kunnskapsinnhenting

Formål med studieturen er å hauste erfaring frå andre rurale strøk når det gjeld bustadbygging, næringsutvikling og rekruttering av kompetanse innan helse og oppvekst sett i samanheng med bygdevekstavgift.

Det er avklart med KDD om det er mogleg å nytte bygdevekstmidlar til studietur under føresetnad av at ein studietur må bli kopla til handlingsplanen.

Dei andre tiltaka som stod i handlingsplanen for 2025 bortsett frå «Kompestansesirkel», blir teke bort i handlingsplanen for 2026.

Tiltak 3: Kompetansesirkel for plan og bustadutvikling

Kompetansesirkelen skal vere ein fast arena for erfaringsdeling, fagleg påfyll og meir koordinert dialog for fagmiljøa innan plan i kommunane saman med aktørar som Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Husbanken og distriktssenteret.

### **Endringar av tiltak i delmål 2) Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor**

Det er teke bort to tiltak frå handlingsplanen for 2025.

Tiltak 1: SMB-utvikling (små og mellomstore bedrifter) blir teke ut av handlingsplanen for 2026.

Tiltak 3: Nettverks- og klyngeutvikling innan bygg og anlegg blir teke ut av handlingsplanen for 2026.

Nytt tiltak 1: Styrking og vidareutvikling av etablerartenesta i Vest-Telemark

Det er inngått ei treårig avtale med Strøline om etablerartenesta i Vest-Telemark for å motivere til gründerånd og hjelpe etablerarar i startfasen.

Tiltak 2 (tidl. 4): Grøn region Vest-Telemark - samspel med landbruksprosjektet «*God agronomi i det grønne skiftet*»

Tiltaket skal byggje direkte på arbeidet i landbruksprosjektet «*God agronomi i det grønne skiftet*» og bidra til at betre agronomi og klimatilpassing gir grunnlag for auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar. Tiltaket skal synleggjere og forsterke samanhengen mellom utvikling i landbruket og arbeidsplassar i privat sektor.

### **Endringar av tiltak i delmål 3) Meir kompetanse innan helse og oppvekst**

Det er slått saman frå fire til to tiltak innan dette delmålet. Delmålet omfattar både helse og oppvekst.

Tiltak 1: Praksis som gjennomgåande struktur i kompetanseløpet

Tiltaket skal styrkje bruken av praksis som ein sentral del av kompetanseløpet i helse- og oppvekstsektoren i Vest-Telemark.

Målet på sikt er å utvikle ein felles regional praksismodell, men arbeidet startar med å styrkje samordning og betre kopling mellom eksisterande ordningar, gjennom konkrete utprøvingar og erfaringar.

Tiltak 2: Læring heile livet og styrka fagmiljø

Tiltaket skal styrke arbeidet med kompetanseutvikling i helse- og oppvekstsektoren, med vekt på å kvalifisere og utvikle dei som allereie arbeider i eller er på veg inn i tenestene. Samstundes skal tiltaket bidra til meir stabile fagmiljø og betre utnytting av den arbeidskrafta kommunane allereie har.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; set inn strategien som står i samfunnsdelen*

Handlingsplanen for 2025 spegla eit annleisår sidan det ikkje fekk heilårsverknad. Vest-Telemark er den største piloten i bygdevekstprosjektet med seks kommunar som samarbeider. Det er ein tidkrevjande prosess å forankre handlingsplanen politisk i alle kommunane.

I bygdevekstarbeidet er det ei forventning om at prosjektet er aktivt og søker om tilskot gjennom eksisterande verkemiddel. Det er avklart med KDD om at det treårige landbruksprosjektet «*God agronomi i det grønne skiftet*» i regi av Vest-Telemarkrådet, kan koplast på bygdevekstarbeidet. Landbruksprosjektet har fått tilskot frå Miljødirektoratets klimasatsmidlar i august 2024. Med bakgrunn i det, er det difor gjort nokre endringar i tiltak 4 *Grøn region Vest-Telemark* under delmål 2 *Korleis få fleire private arbeidsplassar i privat sektor*. KDD ser som utgangspunkt positivt på å nytte bygdevekstarbeidet til å styrke andre prosessar som er viktig for kommunane.

Styringsgruppa vonar at dokumentet slik det ligg føre, gjev den enkelte av dei seks kommunane tilstrekkeleg fleksibilitet til at ulikskapane kommunane imellom blir godt ivareteke. Det er avgjerande at alle pilotkommunane gjer likelydande vedtak i saka.

### **Dette er gjort i 2025:**

- Bygdevekstavtala (BV) vart utforma og vedteken i alle seks formannskapa og kommunestyra (siste vedtak 25. mars 2025).
- BV vart vedteken i fylkesutvalet i Telemark fylke 24. april 2025.
- Både BV og handlingsplanen for 2025 gjekk parallelt vinteren/våren 2025.
- Kommunedirektørane kom med innspel til personar i sin eigen organisasjon om kven som kunne delta i arbeidsgruppene.
- Arbeidsgrupper for delmål 1 (bustad) og delmål 3 (helse og oppvekst) kom i gang våren 2025. Desse vart spurt om å halde fram vidare.
- Handlingsplanen kom til handsaming i alle seks kommunane (formannskapa og kommunestyra) våren 2025. Det vart prioritert nokre tiltak i 2025.
- Alle kommunane hadde likelydande vedtak. Vinje kommune hadde eit ekstra punkt i vedtaket sitt: «*Når det gjeld bustader forventar Vinje kommune at handlingsdelen for 2026 ikkje legg opp til prosjektmakeri, men at det kjem konkrete tiltak ut frå ordlyden i avtala*».
- Handlingsplanen vart godkjent av KDD i juli 2025.
- Vest-Telemarkrådet søkte i august 2025 etter bistand til å arbeide med delmål 1) og 3) (bustad og kompetanse). Det vart gjort avtale med ekstern prosessrettleiar.
- Det vart arrangerte tre samlingar for arbeidsgruppa for delmål 1) og tre samlingar for delmål 3) hausten 2025.
- Telemark fylkeskommune har bidrege på samlingane med kunnskap om analyse, statistikk og grunnlag.
- Representantar frå kommunane i Vest-Telemark (politisk og adm.) har delteke på Boligpulsens i april 2025 i regi av Husbanken og på bygdevekstsamling for pilotane i pulje 2 (som Vest-Telemark tilhøyrer).
- Vest-Telemarkrådet arrangerte inspirasjonsseminaret *Levande landskap, levande næring* hausten 2025.

### **Status prioriterte tiltak i handlingsplan 2025: Delmål 1) Fleire eigna bustader i Vest-Telemark**

<b>Tiltaksnr. og tittel</b>	<b>Gjennomført</b>	<b>Førebels resultat</b>
1 Samarbeid om innsiktsarbeid og kartlegging for bustadstrategi	Ei digital og to fysiske samlingar med representantar frå plan/næring/miljø/kultur i kommunane, lokal entreprenør, Husbanken,	Det er gjennomført ei digitale og to fysiske samlingar med brei deltaking frå kommunane (plan, næring, miljø og kultur) og regionale og

		Telemark fylkeskommune.	statlege aktørar. Gjennom arbeidet har gruppene gått djupare inn i kjernen av bustadutfordringane i Vest-Telemark, kartlagt sentrale kunnskapshøl og etablert eit felles kunnskapsgrunnlag om marknadstilhøve og rammevilkår. Eit sentralt funn er manglande brukarinnsikt, det vil vere ein fordel å avklare behovet til dei ulike målgruppene.
4	«Kompetansesirkel»	Oppstart av møte for kommuneplanleggjarar	Planavdelingane i Vinje, Tokke og Fyresdal har gjennomført jamlege møte hausten 2025, om lag ein gong per månad, både fysisk og digitalt. Møta har vore nytta til deling av problemstillingar, informasjon og erfaringar knytt til planarbeid. Byggjesak, næring og andre relevante tenesteområde har delteke ved behov. Erfaringa er at betre kjennskap gjer samarbeidet enklare.

**Status 2025** Arbeidet i 2025 har vore retta mot innsikt, forankring og kompetansebygging, i tråd med handlingsplanen.

Tiltak som inneber meir operativ gjennomføring, som risikoreduserande tiltak og pilotar, er lagde til perioden 2026–2028.

**Delmål 2) Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor?**

**Tiltaksnr. og tittel**

1

Verkemiddelapparatet – synleggjere moglegheitene

**Gjennomført**

Avklart med KDD om at arbeidet med Etablerartenesta i Vest-Telemark kan knytast opp mot bygdevekstprosjektet, og det blir sett av bygdevekstmidlar

**Førebels resultat**

For perioden 2026-2028 er det gjort avtale med Str8line om levering av etablerartenesta.



## Status 2025

Arbeidet med delmål 3 er godt i gang. Det er etablert eit felles kunnskapsgrunnlag og identifisert sentrale utfordringar som gjeld alle kommunane. Arbeidsgruppa har starta arbeidet med framdriftsplanar som skal gje grunnlag for prioriteringar og vidare tiltak i 2026. Det er også avklart at styringsgruppa skal ta stilling til kriterium for bruk av bygdevekstmidler og koordinering med andre relevante nettverk.

I tilrådinga frå kommunedirektøren er det forslag om å gje styringsgruppa fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.

Når det gjeld tiltaket med å etablere og teste regional tapsgarantiordning for bustadbygging, trengst det raske vedtak for å få sett i gang gjennomføring av tiltaket. Styringsgruppa skal m.a. kome med forslag om juridiske og økonomiske rammer, avklare og fastsetje organisering og forvaltning av ordninga.

For å få god flyt og raske vedtak i dette arbeidet, tilrår styringsgruppa at kommunestyra gjer vedtak om å delegere dette til Vest-Telemarkrådet som består av alle dei seks ordførarane.

## Konklusjon:

Kommunedirektøren er positiv til vidareføring av bygdevekstavtala og handlingsplanen for 2026.

## Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Vedlagde utkast til revidert handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtala vert vedteken.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.
3. Kommunestyret gjev Vest-Telemarkrådet fullmakt til å gjere naudsynte avgjerder knytt til organisering og prosess i arbeidet med å etablere ei tapsgarantiordning for bustadbygging.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør